

## Samhandling i Vest-Telemark

### **25. mai: Positivt møte med aktører fra studiestader i Telemark**

Arbeidsgruppa for Samhandling i Vest-Telemark hadde invitert ulike aktører til ein idèdugnad på bakgrunn av ynskje om å byggje opp lokal kompetanse i Vest-Telemark. Det møtte representantar frå Høgskulen i Telemark ved senter for omsorgsforskning, AOF-fagskulen, Utviklingshjemmet i Telemark, Sykehuset og frå Midt-Telemark helseprosjekt.

Samhandlingskoordinator Bitustøyl opna møte med å fortelje litt om kartlegginga og behov for kompetanseoppbygging i Vest-Telemark. På grunn av lange avstandar er det ynskje om å få spesialsydde studium basert på en blanding klasseromsundervisning, videokonferansar, nettbaserte løysingar og hospitering. Ein ynskjer òg at studia skal gje kompetanse, studiepoeng og/eller poeng for tilleggslønn.

Både høgskulen og AOF-Telemark kan sy saman studiar, nye eller med bakgrunn i det som alt eksisterar i systemet. Sjukehuset ynskjer felles opplæring og hospitering av tilsette i kommunane og sjukehusa.

Midt-Telemark helseprosjekt har utvikla en modulbasert nettløysingar innan ulike tema.

Konklusjon på møte blei at Arbeidsgruppa for samhandling skal koma med eit mandat og bestilling til ei prosjektgruppe som skal arbeide vidare med innhaldet i studia.